



Villreinutvalet for Nordfjella

Aurland, den 28.10.25

Til Hol kommune

HØYRINGSUTTALE TIL AREALDELELEN I KOMMUNEPLANEN FOR HOL FOR 2024-36, 2. GONGS HANDSAMING

Villreinutvalet er grunneigarane med jaktrett i Nordfjella sitt fellesorgan, som står for det meste av den praktiske forvaltninga av villreinstamma. Villreinutvalet handsama arealplanen i styremøte den 28.10.25, og har vedteke følgjande uttale:

Me syner til til den grundige felles uttalen som vart send frå Villreinutvalet og Villreinnemnda den 10.6.24, der dei viktigaste synspunkta frå lokal villreinforvaltning kjem fram. Me registrerer med glede at rådmannen i Hol, gjennom notatet «Vurdering knyttet til villrein, stier og løyper og endring til LNF,» har teke mange av endringsforslaga til villreinforvaltninga til følgje. M.a. er det her eit forslag om å ta ut 14 løypetrassar frå planen, av omsyn til villrein. I tillegg er det forslag om å endra byggeområde til fritidsbebyggelse innanfor villreinen sitt leveområde til LNF, eit grep som vil kunna vera med på å hindra ytterlegare bygging og ferdsle innanfor villreinområdet. Villreinutvalet vil oppmoda Hol kommune om å vedta ein arealplan der desse endringane er med.

Hol kommune skal ha ros for å ta på alvor dei utfordringane villreinen har, ved m.a. ved å få utarbeidd eit eige grunnlagsdokument til hjelp i planprosessen; «Vurdering av samlet belastning for villrein av ny kommunedelplan for Hol.»

Villreinutvalet vil støtta dei momenta villreinnemnda har kome med i uttalen sin, datert 24.9.25. Av desse vil me særskilt trekkja fram følgjande:

- Arealdelen av kommuneplanen må ikkje leggja opp til meir aktivitet innover i villreinområdet. Det gjeld og aktivitet som følgje av utbygging/tilrettelegging utanfor villreinområdet, men nær grensa til dette.
- Mange dispensasjonar i einskildsaker er uheldig.
- Arealreserven for bygging av fritidsbustader og utviding av alpinanlegg er for stor, sjølv etter at planvask er føreteken.
- Oppmodar om at kommunen i planarbeidet tek omsyn til andre pågåande prosessar og planar, som regionalplanen for Nordfjella, regional sti- og løypeplan, og tiltaksplanen for Nordfjella som no kjem på høyring.

Med helsing
Villreinutvalet for Nordfjella

Sigurd Vikesland
-leiar-

Harald Skjerdal
-sekretær-

Kopi: Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellhemmen og Raudafjell v/sek. Hermund Mjelstad